

Hei

Saksnr er 2016/9015. Opprinnelag søknad er dokument nr 4 i denne saka.

Takk for hjelpa ☺

**Solveig Lohne Rongved**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 378044

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Grønnevik, Elisabeth Holme [mailto:[ekn@bomlo.kommune.no](mailto:ekn@bomlo.kommune.no)]

**Sendt:** 16. november 2016 10:18

**Til:** Solveig Lohne Rongved <[Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no](mailto:Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no)>

**Kopi:** Bjørklund, Bjørn Håvard <[Bjorn.Havard.Bjorklund@bomlo.kommune.no](mailto:Bjorn.Havard.Bjorklund@bomlo.kommune.no)>

**Emne:** Stryking av setning på søknad om midlar til BARK (2)

Hei Solveig

Viser til tlf samtale og sender i tråd med denne ynskje om å få stryka ein setning i innsendt BARK søknad.

Setning ligg inn under punktet «Gjer greie for lokal forankring av prosjektet», og lyder «Denne kjem i eigen søknad frå Leva Urban Design».

Stryking av setninga har ingen konsekvens for prosjektet eller kostnadsestimatet, men er berre ei presisering for alle partar, då denne kan misoppfattast som om at det kjem ein eigen søknad frå Leva Urban Design opp mot BARK, og det stemmer ikkje.

Vedlagt ligg søknaden med endringar.

Med helsing

Elisabeth Holme Grønnevik

Rådgjevar kultur- og idrett

Dir. tlf : + 47 53 42 30 68

Mobil: + 47 911 65 377



Tlf : + 47 53 42 30 00

Rådhuset | 5430 Bremnes

[www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)

## Søknad om tilskot til skjøtsel og tilrettelegging gjennom BARK - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner

<b>1</b>	<b>Tiltakshavar / søker</b>	<b>Org. nr./person nr.</b>
	Bømlo Kommune	834210622
	<b>Post / e-post</b>	<b>Telefonnr.</b>
	ekn@bomlo.kommune.no	534 23000
<b>2</b>	<b>Kulturminne-ID i Askeladden</b> (for alle lokalitetar og enkeltminne)	<b>gnr., bnr.</b>
	ID 66745	gnr. 56/bnr. 6 og gnr. 56 bnr 141
	<b>Gardsnamn</b>	<b>Kommune</b>
	Vespestad	Bømlo
<b>3</b>	<b>Namn på eigar</b> (ved fleire eigarar, spesifiser under "andre opplysningar")	<b>Telefonnr.</b>
	Langevåg Bygdatun	90778088
	<b>Post / e-post</b>	
	post@bygdatunet.no	
<b>4</b>	<b>Søknadssum</b> (overført frå side 4, finansieringsplan)	
	??	
<b>5</b>	<b>Skildring av prosjektet</b>	
	Kulturminnetype og tilstand (røys, haug, m.m., tilgrodd, erosjonsskade, m.m.)	Verkstadbplass frå eldre- og yngre steinalder, den første utgravde steinalderlokaliteten i landet (1901) og dermed sentral referanselokalitet i norsk arkeologi. Myra dyrka på slutten av 1800-talet men ikkje nytta på fleire tiår. Deler av myra blir no klyppt sommarstid av ein eigar. Myra ligg mellom Langevåg Bygdatun og
	Datering	9000 BP ??
	Tidlegare tilrettelegging	Skilting ved parkplass/L. Bygdatun, utarbeidd av HfK og tilvist m. skilt av Steinriket Bømlo.
	Tidlegare skjøtsel	Graset blir klyppt sommarstid av Langevåg Bygdatun på deira del av myra.
	Andre opplysningar	Arkikon har laga ein 8 min film om Sokkamyro (Youtube: Sokkamyro). Eit infoskilt ved myra (HfK), eit tilvisingsskilt frå båthamna samt klypping av graset er elles dei tiltaka som er iverksett. Begge grunneigarane er positive til skjøtsel og formidling. Den andre grunneigaren er Jan Tore Vespestad, Vestvikvegen 10, 5443 BØMLO Tlf nr 53 42 10 21

## 6 Informasjon om prosjektet

Er føremålet med prosjektet:

- Prosjektering  
 Ny tilrettelegging  
 Oppgradering / utbetring av eksisterande tilrettelegging

Omfattar prosjektet tiltak for universell utforming?

- Ja  
 Nei

Skildring av eventuelle tiltak for universell utforming

Dette vil bli konkretisert i Skjøtselplanen som HfK tek ansvar for.

Er det vedteken kulturminneplan for kommunen?

- Ja  
 Nei

Dersom slik plan er under arbeid, når er den planlagt vedtatt? (årstal)

2017

Gjer greie for kor vidt kulturminnet er prioritert av kommunen

Sokkamyro er frå kommunen si side sett på førsteplass i BARK-registreringa. Sokkamyro er sentral i kommunens prosjekt Steinriket Bømlo som formidlar kommunens usedvanleg rike bergverkshistorie frå eldre steinalder til 1969. ([www.steinriketbomlo.no](http://www.steinriketbomlo.no))

Det er ikkje gjort spesifikke vedtak i kommunen vedr. tiltak etc. på lokaliteten, anna enn delfinansiering av innvilga BARK-søknad frå 2015.

Gjer greie for lokal forankring av prosjektet

Det er innhenta positiv respons på BARK frå grunneigarane, samt frå lærarar v/Hillestveit skule i møte 08.09.2016.  
 Det blir p.t. gjennomført eit bygdeutviklingsprosjekt i Langevåg der ymse tiltak i Sokkamyro vert føreslegne.

Gjer greie for tilkomst, parkering, m.m.

God parkering er tilrettelagt ved Langevåg Bygdatun, med lett tilkomst frå park.plass til Sokkamyro som ligg ved park.plassen.

Eventuell anna relevant informasjon

Det er eit vilkår at den som får tilskot gjennom Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske Kulturminner (BARK) gjennomfører arbeidet i samråd med Hordaland fylkeskommune og at arbeidet vert gjort etter dei retningslinjene som vert satt fast av vernemynda.

Retningslinjene skal sikra at arbeidet vert gjort på ein måte som ikkje kan føra til skade på kulturminne og at formidling og tilrettelegging vert gjort på ein god måte som ikkje går ut over vernet og som gjev fagleg korrekt informasjon.

## 7 Gjer greie for kontakt / avtalar med fylkeskommunen og eigar

Tidlegare BARK-prosjektsøknad vart forankra hos Langevåg Bygdatun v/Frode Urangsæter og Hillestveit skule v/rektor Kåre Bogetveit hausten 2015, samt med HfK medio oktober 2015. Eigar nr. 2 stiller seg óg positiv til arbeidet som no vert gjort.

I forkant av denne tiltakssøknaden har det vore møte hos Langevåg Bygdatun 25.08.2016 der Bømlo kommune v/kommunalsjef B.H. Bjørklund og kulturkonsulent Elisabeth Grønnevik, Léva Urban Design v/Aslaug Tveit og Jeanette Hovland, HfK v/Solveig Lohne Rongved, Bergen Museum (David Simpson) og Brynjar Stautland var tilstades. Ymse idear under utvikling iflg. innvilga BARK-søknad vart gjennomgått.

08.09.2016 var Brynjar Stautland i møte med tre lærarar frå Hillestveit skule for å diskutera opplegg for Den Kulturelle Skulesekken som kan organiserast i samarbeid mellom Bømlo Kommune (evt. v/underleverandør) og skulen. Referatet frå møtet er grunnlag for fleire av formidlingstiltaka for ID 66745 i denne søknaden. Det er innhenta prisar på div-. replikaer til eit klassesett.

## 8 Skildre dei enkelte tiltaka og korleis dei er tenkt gjennomført

### A) Formidlingstiltak for Sokkamyro via DKS:

Elevane skal møte denne historia gjennom permanente visuelle element i skolemiljøet, formidling gjennom digitale verktøy samt bruk og handfaring av redskap som er typisk for Sokkamyro og den tida då denne var aktiv som verkstadbuplass.

Følgande tiltak vert difor omsøkt:

1) Klassesett ("kasse") med relevante replikaer til bruk i DKS-opplegg på Hillestveit skule. Relevant er replikaer av ulike grønsteinøkser (skiveøks, Vespestadøks, prikkhogd trinnøks, alle i grønstein), avslag frå økseproduksjonen, flintredskap og -avslag, ryolittredskap og -avslag og knakkesteinar. Dvs. primært replikaer av dei kulturskattane som arkeologane finn mengdevise av i Sokkamyro, og som gjer Sokkamyro-Hespriholmen unik i norsk kulturhistorie. Øksene må vera skjefta slik at dei kan prøvast av elevane i arbeid i eit tilliggande og definert område til myra (for å unngå ureining av lokaliteten). Alle replikaer skal unsett merkast, og flintavslag etc. skal ikkje nyttast på myra.

Dette tiltaket er tenkt delfinansiert av BARK, og vedlikehald skal finansierast av ei elevavgift frå tilreisande klassar.

2) Bogar av Holmegård-type, 5 stk. inkl. 25 piler, 5 underarmbeskyttarar, 1 stk blink og sikkerhetsnett. Bogen er både relevant for formidling av redskap laga i Sokkamyro (pilespissar av ryolitt), samt som sentralt våpen i dei første 10000 åra av vår historie langs vestlandskysten. For gruppedeling av klassen er bogeskyting ideelt og høver både aktivitetsmessig og temamessig. Det er dessutan ein motiverande formidlingsveg inn til dei eldste kapittela av vår historie. Det er ikkje eit poeng her at spissane skal vera av ryolitt (som kan forureine lokaliteten), men av metall som fungerer på blinken.

**9****Gjer greie for kven som skal utføra arbeidet og kven som har ansvar for oppfølging / drift / vedlikehald**

Hillestveit skule driftar DKS-opplegget for eigne elevar, der 6.klasse får ansvar for opplæring av 2.klasse kvart år. Børnlo Kommune organiserer likt opplegg med det same utstyret for andre skular via underleverandørar (Børnlo Teater, Langevåg Bygdetun el. andre).

Arkeolog Morten Kutsjera har levert tilbod på tilvirking av vårt utval replikaer.

Kviljo Buemakeri v/Ivar Malde har levert tilbod på 5 bogar m. utstyr.

Leveringstid: 2 mnd.

Vedlikehald av replikaer/utstyr er Børnlo Kommune sitt ansvar og skal finansierast gjennom tilreisande skulars elevavgift for deltaking (ikkje BARK). Hillestveit skule skal ha ansvar for replikaene/steinalderkassane.

Oppstartsarbeidet for ein Sokkamyr-app skal gjerast ilag med Universitetsmuseet i Bergen v/Knut Andreas Bergsvik. Det skal i diskusjon med museet definerast ramer for innhald, ansvar, relevante samarbeidspartnarar i fagmiljøet, eigarskap samt budsjett og søknader om finansiering av ferdig produkt. Endeleg finansiering vil styre i kva grad museet v/td. Forminneavdelinga blir forfattar eller redaktør av manus.

Prof. Gunnar Liestøl v/Uo har stadfesta si positive interesse for utviklinga av ein sitsim-app for Sokkamyro, og vil vera orientert om prosesjonen i prosjektet før overlevering til Institutt for Medier og kommunikasjon v/Uo.

**10****Kostnadsoverslag og framdriftsplan**

5 stk bogar inkl. piler og sikringsutstyr	KR. 20.345,- inkl. mva
---	------------------------

"Steinalderkasse" frå Morten Kutshera m. følgande innhald:

To butnakka trinnøkser	kr. 7.400,-
Ei spissnakka slipt trinnøks	kr. 5.000,-
Ei Vespestadøks,	kr. 4.000
Ei tykknakka bergartsøks	kr. 5.000,-
Eit emne til trinnøks	kr. 700,-
Komplett pil m. ryolittspiss,	kr.1.050,-
"Verktøy", dvs. knakkestein og gevirverktøy,	kr. 2.000,-
Ein flintkjerne m. ei handfull flekker/flintknivar	kr. 500,-
Oppbevaringskasse	kr. 1.000,-
SUM steinalderkassen	KR. 26.650,- inkl. mva

Implementering av DKS	kr 25.000,- inkl.mva
Prosjektleiing	kr 25.000,- inkl.mva

Manus/oppstart Sokkamyr-app	kr. 62.500,- inkl. mva
-----------------------------	------------------------

SUM kr. 159.495,- inkl. mva

**11 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:**

BARK-midlar	/9/4/
eventuelt tilskot frå kommunen	/9/48
eventuelt tilskot frå andre tilskotsordningar	
andel av eigne midlar	50%
andre midlar	
dugnadsarbeid	
anna	
<b>Sum (kr):</b>	<b>159.495</b>

**Stad:** Underskrift  
**Dato:**

**12** Bremnes Bjørn Håvard Bjørklund  
31.10.2016

**13 Kommunen sin uttale**

Prioritering:	1
Tilskot frå kommunen:	/9./48
Fråsegn:	<p>Arbeidet med utviklinga av lokaliteten i Sokkamyro er inne i ein svært positiv utvikling og gjennom 2016 har det vore arbeidd på mange frontar. Det er særleg gledeleg at grunneigarar og lokal skule viser engasjement og det er viktig for oss å vise konkrete resultater av arbeidet. Arbeidet som skjer i dialog med universitetsmuseum og fylkeskommunen er med på å byggje opp kompetanse lokalt og her ser me det ligg eit vidare potensiale. Kommunen forpliktar seg til å stille naudsynte midlar og ressursar til disposisjon for å realisere prosjektet i tråd med denne søknaden.</p> <p>31.10.16  Bjørn Håvard Bjørklund  Kommunens representant</p>

Søknaden sendast pr. e-post til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

NB! Søknadsfrist 1. november